

Styremøte i Seniornett Førde

Tid: Onsdag 26.02.2025 – kl. 10.00 – 12.00

Stad: Møterom: Kjellar, men flytta til Musikkrommet i Førdehuset

Desse møtte:

Knut Johan Mikkelsen

Kurt Grønli

Aslaug Vårdal Igelkjøn

Torleif Håland (vara)

Monrad Kolstad (instruktør)

Sak 07/2025:

Gjennomgang av dokument og årsmøtepapir til Årsmøtet i Seniornett Førde 13.03.25

Sakslista vart gjennomgått, og alle dokument vart sjekka. Det vart vedteke å flytte pkt. 9 om budsjett til slutt på sakslista. Det var semje om å spørje Arne Sandnes om å vere møteiar, og spørje Egil Nestande om å vere skrivar.

Årsmeldinga var nesten klar, men det vart gjort nokre små rettingar.

Rekneskapen var klar og vart kort gjennomgått av Kurt Grønli. Endringar som var gjort her galdt auke av kaffi-pengar frå 40-50 kr, og ønskje om at det nye styret bestemmer korleis juleavslutninga i 2025 skal vere.

Arbeids – og aktivitetsplan.

Annonsering av kurstilboda som instruktørane utarbeider kan gjerast betre.

Kursdeltakarane skal også ha eit kursbevis. Studieforbundet krev god annonsering og utdeling av kursbevis for at Seniornett Førde skal få økonomisk støtte til kursa dei held.

Sak 08/2025- To saker er melde til årsmøtet:

1. Endring av rekkefølga i saklista. Punktet om budsjett vert flytta til slutt, dvs. til pkt.9.
2. Gjeld §11 i vedtektene til Seniornett Førde. Vedtektene i Seniornett Norge og Seniornett Førde må samsvare, ein må følgje seniornett Norge sine reglar.

Styret legg fram dette forslaget til ordlyd på vedtak til årsmøtet:

«Årsmøtet kan med minst 2/3 fleirtal av stemmene vedta å oppløyse Seniornett Førde. Stadfesting av vedtaket skal skje på eit ekstraordinært årsmøte etter to månader, men før fire månader etter det ordinære årsmøtet. Vert laget oppløyst, eller opphøyrer av anna årsak, skal Seniornett Norge ha melding om dette. Eventuelle aktiva skal overførast til Seniornett Norge med formål om å styrke arbeidet med foreiningar i organisasjonen. Ved fusjon mellom foreiningar skal aktiva vere i den fusjonerte foreininga» .

Sak 09/25 Eventuelt.

Monrad Kolstad sit i valnemda i Seniornett Norge i år. Han spør om styret kjenner til folk som er interesserte i å sitte i Landstyret i Seniornett Norge. Han er oppteken av at alle delane av landet er representerte. Styret hadde ingen forslag.

Hugseliste:

Alle årsmøtepapira vert utsende til medlemmene 27.02.2025. Her vert medlemmene påminna om at dei må seie frå om dei kjem. (Leiar ordnar dette).

Det vert tinga kaffi/te og to sortar kake på «Førdehuset mat» (Torleif tek kontakt)

Kurt Grønli lurte på om foreininga har ei forsikring som gjeld data utstyr som ved eit uhell kan verte øydelagt på kursdagane. Ingen kjenner til at dette finst. Kurt vil prøve å sjekke dette med eit forsikringsselskap.

Møtet slutt 11.30

Aslaug Vårdal Igelkjøn
-refr.-